



---

**Utval:** Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg  
**Møtestad:** Hamaren Fyresdal Næringshage  
**Dato:** 07.03.2019  
**Tid:** 08:30

---

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.  
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

---

PS 4/19	Referatsaker
PS 5/19	Kontingentkasser, tiltak mot barnefattigdom
PS 6/19	Søknad om skjenkeløyve -enkelt arrangement 16.03.19 - Fossum kurs- og feriesenter
PS 7/19	Sumarstengt i barnehagen

Fyresdal 27. februar 2019

Ingunn Lauvrak  
utvalsleiar

Fellestenesta  
utvalssekretær

**PS 4/19 Referatsaker**

**RS 26/19 Orientering frå administrasjonen**

**RS 27/19 Midlertidig fritak for serveringsløve på Kafe Teisner**

**RS 28/19 Svar på søknad om utvida skjenkeløyve Roan Kroa 01.02.19**

**RS 29/19 Svar på søknad om skjenkeløyve - Meieriet - endring av skjenkestad  
02.03.19**

**RS 30/19 Søknad om støtte til å dekke delar av underskot ved jolekonsertar 2018**

**RS 31/19 Søknad om støtte til oppsetning av teaterstykke**

**RS 32/19 Foreldreundersøking 2018**

**RS 33/19 Folkehelseprofil 2019 Fyresdal kommune**



**Saksframlegg**

**Kontingentkasser, tiltak mot barnefattigdom.**

Utval	Utvallssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	5/19	07.03.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har, OKO utvalet**

**Dokument i saka:**

Informasjon frå Telemark idrettskrets:

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/telemark-idrettskrets/sok-tilskudd/kontingentkasser/>

**Bakgrunn for saka:**

Telemark Idrettskrets (TIK) har via Gjensidigestiftinga fått kr 500.000,- for å setje i gang tiltak mot barnefattigdom i kommunane i Telemark . Tiltaket kontingentkasser skal skape lågare barriere for deltaking i fritidsaktivitetar. Talet på barn og unge som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt er aukande.

Tiltaket kontingentkasser skal vere for barn og unge i alderen 6 år til de er ferdige med vidaregåande skule, som er berørt av fattigdomsproblematikk. Kommunen kan søkje 50% dekking av utgifter til dette via Telemark Idrettskrets, og må dekkje resten sjølv. Kommunen må sjølv administrere ordninga etter enkle retningsliner gitt av TIK. Det må vere ein ansvarleg person i kommunen som er søknadar blir sendt til, men som og er kontaktperson opp mot TIK.

Det er lag/organisasjonar som kan sende søknad til kommunen etter vurdering av behov for søknad. Ressurspersonar i kommunen, t.d. miljøterapeuter, helsesyster, barnevernet, kan og søkje. Barnet eller familien kan ikkje sjølv søkje.

Fyresdal kommune har søkt Telemark Idrettskrets kr 25.000,- for 2019, og treng difor kr 25.000,- til dekking av eigen del.

**Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2018 - 2021/måla i budsjettet for 2018 i sektor for kultur og oppvekst: Barn og unge skal prioriterast i kultursatsinga.*

Dette tiltaket er svært bra, og med god dekking av eksterne midlar.

I Fyresdal har vi 39 barn i 23 hushaldningar, heile 16% av antal born (Kjelde TIK av 2016), av barn som bur i hushaldning under såkalla fattigdomsgrense. Det er høge tal og urovekkjande utvikling. Dårlig råd har konsekvensar for barn og unges deltaking både i organisert og uorganisert fritidsaktivitet. Det kan redusere deira moglegheit til å ha ein aktiv fritid med meining, men og tilgangen til organisasjonar med kraft til å påverke.

Fattigdom fører til at barn ekskluderast frå sosial, kulturelle og idrettslege arenaer, og slik forsterkast opplevinga av å ikkje høyre til. Dette er urettferdig og øydeleggjande for barns utvikling og vekst.

Med så stor del av barnefattigdom vi har i kommunen, er dette eit relativt enkelt prosjekt å prøve ut.

Ein vil trenge kun 25.000,- frå kommunen sin side, og ordninga ser ut til å vere enkel å administrere. Så kan ein etter kvart sjå på responsen og deretter vurdere kva ein ynskjer å gjere på sikt.

Tiltaket står opp om måla til kommunen, prioritere tiltak for barn og unge.

### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune slutter seg til tiltaket «kontingentkasser» frå Telemark Idrettskrets, og løyver 50% av tilskot frå Telemark Idrettskrets. Løyvinga frå Fyresdal kommune er begrensa oppad til kr 25.000,-.

Løyving frå OKO utvalet sin disponible pott 1 113 370

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune slutter seg til tiltaket «kontingentkasser» frå Telemark Idrettskrets, og løyver 50% av tilskot frå Telemark Idrettskrets. Løyvinga frå Fyresdal kommune er begrensa oppad til kr 25.000,-.

Løyving frå OKO utvalet sin disponible pott 1 113 370

Ketil O. Kiland	
rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent



**Saksframlegg**

**Søknad om skjenkeløyve -enkelt arrangement 16.03.19 - Fossum kurs- og feriesenter**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	6/19	07.03.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

**Dokument i saka:**

Søknad om skjenkeløyve frå Fossum kurs- og feriesenter datert 22.02.19

**Bakgrunn for saka:**

Fossum kurs- og feriesenter skal ha eit arrangement denne dagen med matsservering. Dei ynskjer og å kunne servere all alkoholhaldig drikk.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022; Vi skal opptre som gode tenesteytarar til innbygarane, der vi legg vekt på ei open, ærleg og positiv adferd, og der respekt skal prege møte og samhandling med innbygarane.*

Fossum kurs- og feriesenter hadde fram til 31.12.18 fast skjenkeløyve.

Dei ynskte ikkje å ha dette fast lengre og søker nå om løyve til alkoholservering ved dette spesielle høve.

Arrangementet er kun denne dagen og serveringa skal føregå i Stallkafeen.

Dierk Rengstorf f. 13.06.49 er kontaktperson og skjenkestyrar.

Dei reknar med om lag 15 personar ved dette arrangementet.

Det er søkt om skjenketid frå kl. 17.00 – 24.00, noko som er innafor tillate skjenketid i dei alkoholpolitiske retningslinene til Fyresdal kommune.

Dette er eit lite selskap og det trengs ikkje stedfortreder eller vakter utover dei 2 som er tilstades i kafeen..

Skjenkinga må vere etter alkohollova, forskrifta til denne og forskrift om opnings- og stengtider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark, sine retningslinier.

**Konklusjon:**

Søknaden er vurdert etter kommunens alkoholpolitiske retningslinier og alkohollova § 1-6.

Det bør bli gitt løyve til skjenking for all alkoholhaldig drikk, innanfor tidsrammene, retningslinene og forskrifta på dette arrangementet.

**Innstilling frå rådmannen:**

Fossum kurs- og feriesenter får innvilga skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk 16.03.19.

Skjenkestad: Fossum kurs- og feriesenter, Fyresdalsvegen 541, 3870 Fyresdal, Stallkafeen

Tidsrom: 16.03.19, 17.00 – 24.00.

Skjenking av all alkoholhaldig drikk.

Skjenkestyrar: Dierk Rengstorf f.13.06.49.

Skjenkegebyr: Kr 370,-.

Skjenkinga må vere etter alkohollova, forskrifta til denne og forskrift om opnings- og stenetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark, sine retningsliner.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar



**Saksframlegg**

**Sumarstengt i barnehagen**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	7/19	07.03.2019
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har:**

**Bakgrunn for saka:**

Det vart sagt i budsjettprosessen for 2019 at sumarstengt barnehage kan vere eit forsøk på å spare pengar. Turnus og sommarferieavvikling er ei utfordring i barnehagen. Ut i frå ynskja om sommarferieperiode frå foreldra, legg vi opp turnusen til dei tilsette, samt vikarar. Men då fleire av barna ikkje møter som avtalt er vi overbemanna i fleire veker. Historikken i fleire år er at vi har vore overbemanna mange gonger i løpet av ferieperiodar. For drifta er ikkje dette bra, for dei barna som har fått ein ekstra fridag er det veldig bra.

**Vurdering/ Konklusjon:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019:* «Barnehagen skal skape og utvikle eit barnehagemiljø der alle opplever tryggleik, trivsel, tilhøyrlighet, meistring og glede. Vi skal opptre som gode tenesteytarar til innbyggjarane, der vi legg vekt på ei open, ærleg og positiv adferd, og der respekt skal prege møte og samhandling med innbyggjarane.

Det er vanskeleg å få eit nøyaktig tal på sparing ved å stenge barnehagen 3 veker i juli. Vikarmidlane som har vore bruka på sumarvikarar dei to siste åra er ca kr 200000,-. Barnehagen har fått ut ca halvparten av dei fem ferievekene til personalet om sumaren, men må leige inn ein del vikarar. Restferien utover året prøvar vi å legge til haustferie, vinterferie og juleferie, men desse vekene er like uforutsigbare som sumaren. Foreldre melder at barnet kjem, men barnet kjem ikkje. I tillegg har vi leigd inn vikarar. Det er innleiga av vikar som er den største utgifta, då vi tilrettelegge turnus for større barnegrupper enn det blir.

Kartlegging av forventta, oppmøtte og avvik for barnehageplassar og personal:



**V 29****v 30****v 31****v 32****kommentar**

23	23	17	23	25	26	26	24	2	24	38	43	34	39	41	47	52	40	46	48	Forventa antall plassar utifrå føresette sitt ynskje
17	16	13	17	14	14	15	12	?	?	21	23	19	23	21	34	35	22	28	31	Oppmøtte plassar
6	7	13	4	11	15	11	12	?	?	7	20	15	16	20	13	17	18	18	17	Avvik på plassar
5	5	4	5	6	6	6	6	5	6	10	10	8	10	8	10	10	9	10	10	Total personalbehov etter forventa plassar
4	4	3	4	4	4	4	3	?	?	4	4	4	5	4	6	6	4	5	6	Faktisk personalbehov
1	1	1	1	2	2	2	3	?	?	6	6	4	5	4	4	4	5	5	4	Avvik mellom oppsett turnus og faktisk behov

Det er stort avvik på fleire veker, heilt opp mot heile gruppestørrelsar (sjå tabell).

Den beste løysinga for barnehagen vil vere å stenge 3 veker i løpet av sumaren. I vedtektene står det: «Barna må ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 av desse vekene skal vere samanhengande i perioden frå og med juni til og med august. Stenger vi barnehagen i 3 veker vil dei 3 samanhengande vekene bli slusa inn i desse. Vi må nok lage ein ferieturnus for personalet i tillegg for vekene før og etter stenging, men forhåpentlegvis ikkje leige inn vikarar

Å stenge barnehagen 3 veker kan sjølvstakt bli ei utfordring for nokre familiar, men på den andre sida vil barnegruppene bli meir forutsigbare og trivsel og tilhøyrihet vil kanskje bli opplevd betre.

Det er vekene 29, 30, 31 og 32 som byr på dei største utfordringane dei siste åra.

Ein foreslår å stenge barnehagen i veke 29, 30 og 31 som ei prøveordning for sumaren 2019 og 2020. Etter det må det vere ei evaluering av ordninga saman med samarbeidsutvalet.

Saken skal innom samarbeidsutvalet for uttale den 6. mars 2019. Denne uttala vert lagt fram i OKO møtet den 7.mars.

#### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune går inn for barnehagestengt i vekene 29, 30 og 31

Ketil O. Kiland	
rådmann	Liv Johre Bakke
	avdelingsleiar